



Årsmelding 1998 Lom og Skjåk Sparebank

Banken som bygde- utviklar i 125 år

I år kan Lom og Skjåk Sparebank sjå attende på 125 år med verksemd i samfunnet si tjene- neste. Banken vart oppretta 27. mai 1873 og starta verksemda på Andvord i Lom den 2. januar 1874. Den framskotne plassen som prestar og lærarar hadde ved start og drift av sparebankane, syner tydeleg at det var sterke sosiale og moralske innslag sparebankane var tiltenkt. I dei fyrste planane og langt utover var sparebankane tenkt som velgjerande institusjonar som skulle verke til «flid, sparsemd og sedeleg framgang». Slik var det nok og med banken vår. Banken vart oppretta i ei tid med små ressursar, men med entusiasme. Ved denne milepælen på 125 år bør vi i takksemd minnst dei tapre personar som tok arbeidet opp og bar banken framover. Frå å vera ei handverksbedrift med fjørpenn, har den teknologiske utviklinga bidrege til at Lom og Skjåk Sparebank i dag vert dominert av sær avansert datateknologi, til glede og nytte både for våre tilsette og banken sine kundar. Men menneskelege ressursar har vore - og er - vår styrke. Det er fyrst og fremst dette som gjer at Lom og Skjåk Sparebank har plassert seg blant dei beste bankane i landet. Dette kom tydeleg fram av undersøkinga Norsk Gallupinstitutt A/S foretok i oktober 1998, om kor tilfredse kundane var med banken sin.

Sjølv om vi gjennom vår deltaking i Samarbeidande Sparebanker A/S er ein del av Sparebank 1 Gruppen, er vi framleis ein sjølv-stendig bank. Banken er i dag, som ved starten for 125 år sidan, fast knytt til lokal-samfunnet og er styrt lokalt.

Utgangspunktet har heile tida vore at Lom og Skjåk Sparebank skal vere ein frittstående og aktiv finansinstitusjon. Banken har eit sterkt ynskje om godt og aktivt samarbeid med kundane våre også i åra framover. Vi vonar at kundane kjem til oss med krav og ynskje, slik at vi kan bli ein enda betre bank både for dei som bur i distriktet vårt og alle kundar som er busett utanfor distriktet.

I samband med 125-årsjubileet har vi fått skrive ei jubileumsbok. Boka, som har fått tittelen «Banken som bygdeutviklar», er banken si tredje jubileumsbok. I tillegg til å gje ein stutt versjon av utviklinga i banken, syner boka i tekst og bilete kva banken har hatt å seie for utviklinga av distriktet vårt.

Det er ei stor glede for meg å kunne takke alle tilsette for stor arbeidsinnsats. Utfordringane og arbeidsmengda var i 1998 større enn nokonsinne, og ser ut til berre å auke framover. Eg veit at inspirasjonen og gløden for vidare satsing er til stades. Vi skal saman byggje vidare på den solide og konkurransedyktige banken vår. Saman med dei tilsette går eg god for at Lom og Skjåk Sparebank framleis skal vere ein trygg og påliteleg hjelpar og samarbeidspart for distriktet, samfunnet og den enkelte.

Heilt til slutt vil eg få rette ein stor takk til dei styrande organa i banken for godt samarbeid og for ei alltid positiv innstilling til banken. På same måte vil eg rette ein stor takk til kundene og samarbeidspartnarane for godt og tillitsfullt samarbeid.

L. Kvalheim
banksjef



Tillitsvalde i forstandar- skapet 1998-2001

Innskytarvalde:
Ola Lund, Lom
Steinar Grjøtheim, Lom
Kristen Kjæstad, Lom
Arne O. Galde
Bøverdalen
Anne Vestad, Garmo
Turid Garmo, Bøverdalen

Kåre Sperstad, Nordberg
Ivar Brandsarbakken,
Skjåk
Bjørn Dalen, Skjåk (for-
)mann
Gunvor Hesla, Skjåk
Live Bruheim Mork, Skjåk
Per Morten Lindsheim,
Skjåk

Kommunevalde:
Arne Kvåle, Garmo
Jarmund Øyen, Garmo
John Nyland, Lom
Erik Frisvold, Garmo
Mari Sletten, Lom
Ellen Olasveen, Lom

Torgeir Ødegård,
Nordberg
Jørgen Sygard,
Nordberg
Mildrid Aanstad, Skjåk
Torggrim Rusten, Skjåk
Mary Sveen, Skjåk
Oddveig Hosar, Skjåk

Vald av og blant
dei tilsette:
Ola Risheim, Skjåk
Elin Hosarøygard, Skjåk
Oddveig Moen Nordal,
Lom
Grete Bakke Eggen, Lom
Svein Garmo, Garmo
Kari Kroken, Lom

Varamedlemmer
innskytarvalde:
Harald Lyngved, Garmo
Anne Kv. Kvålshagen,
Bøverdalen

Hans Gubhage, Skjåk
Torill Vigstad, Skjåk

Varamedlemmer
kommunevalde:
Bjørn Vike, Lom
Sylfest Ødegård jr., Garmo

Stein Bøhle, Skjåk
Mari Langleite Barrusten,
Skjåk

Varamedlemmer tilsette:
Pål Åge Sjurgard, Lom
Trude Mork, Lom
Annfrid Aaboen, Skjåk

Styret:
Håkon Wiker, Lom formann
Olav J. Galde, Bøverdalen
Torunn Bøje, Skjåk
Sevald Lund, Nordberg
Ingvard Olstad, Lom
Lars Kvalheim

Varamedlemmer:
John Nyland, Lom
Hans Kristen Skamsar, Skjåk
Ragnhild Tråstad, Skjåk

Kontrollkomite:
Kristian Hosar, Skjåk
Svein Erling Tundrali,
Nordberg
Lars Andre Storlien, Vågå

Varamedlemmer:
Kjell Arne Jøingsli,
Nordberg
Malmfrid Mundhjeld,
Bøverdalen

Bruk bygda sin eigen bank

Som det går fram i årsmeldinga legg vi fram ein årsrekneskap som syner høg aktivitet og solid økonomi, dette syner at banken óg i 1998 har utvikla seg positivt - som ein solid, sjølvstendig og lokalt forankra sparebank.



For Lom og Skjåk Sparebank er det viktig å vere den beste banken for privatkundar, næringsliv og organisasjonar i Lom og Skjåk samt for alle dei kundane vi har utanom sjølve distriktet vårt.

Vi kan vera stolte av dei tradisjonane Lom og Skjåk har for vakker treskurd. Skjåk-Ola var den fremste innan dette arbeidet, arbeida hans er kjente og verdsett langt utanfor bygdene våre. I Lom og Skjåk Sparebank sin profil, som du mellom anna ser på det nye minibank-kortet, er det nett eit av Skjåk-Ola sine arbeid som er avbilda. Detalja er henta frå dragkastet på skapet som høyrer til på Uppigard Skjåk.

Lom og Skjåk Sparebank trur at den måten vi driv bank på er rett. Vi har nærleik til kundane våre, vi yter god service og vi har vilkår som stort sett er betre enn det konkurrentane våre kan tilby. Lom og Skjåk Sparebank er ein av dei få bankane i landet som ikkje nyttar gebyr på betalingsformidling. Med dette sparar vi kundane våre for store og unødvendige utlegg.

Det er viktig for oss at alle kundane våre og alle som bur her i distriktet ser på Lom og Skjåk

Sparebank som «sin eigen bank». Dei desentraliserte avgjerdene gjer at vi har eit konkurransefortrinn vi er bevisste på, og som vi skal halde på i framtida. Dette er det viktig å framheve i og med at vi har inngått eit strategisk samarbeid med 20 andre sparebankar i SpareBank 1 Gruppen.

Gjennom samarbeidet vil Lom og Skjåk Sparebank bli like sterk som ein storbank, med moglegheiter til å utvikle teknologi,

Forsikring

Gjennom samarbeidet i SpareBank 1 er vi nå medeigar i eit skade- og livselskap; SpareBank 1 Forsikring. Som kunde i Lom og Skjåk Sparebank kan du såleis ordne skade- og personforsikringar hjå oss.

Forsikringane vert selde under mottoet: «Ei enklare, betre og meir praktisk forsikring».



nye produkt og tenester. Formålet med dette er å styrkje sjølvstendet og konkurranseevna til banken gjennom eit samarbeid som er tufta på klare mål:

- Kundane i Lom og Skjåk Sparebank skal ha tilgang til produkt og tenester av høg kvalitet.
- Lom og Skjåk Sparebank skal yte topp service.
- Lom og Skjåk Sparebank skal, i tillegg til å ha nærleik til kundane, vera ein bank som er rimeleg å bruke for kundane.
- Lom og Skjåk Sparebank skal halde på lokal forankring og sjølvstende.
- Lom og Skjåk Sparebank har ambisjonar om å vera ein totalleverandør av finansielle tenester og forsikringstenester.
- Lom og Skjåk Sparebank skal vera samfunnsorientert og medverke til positiv utvikling og verdiskaping i lokalsamfunnet.
- Lom og Skjåk Sparebank skal framleis støtte lag og organisasjonar med gåver og sponsor midlar.

Enklare av di det vert lettare å få oversikt over kva som vert dekt og ikkje minst kva som ikkje vert dekt.

- Betre av di dette er ei minst like god forsikring og helst litt betre, enn det konkurrentar kan tilby.
- Praktisk av di du kan samle bank og forsikring på ein stad.

Forsikringane er forebels eit tilbod til banken sine personkundar. Næringslivs- og landbruks-forsikring veit vi på det nåverande tidspunkt ikkje når vil kome.



Nettbank

Kundar som er knytt til internett kan nå få tilgang til dei mest brukte tenestene våre gjennom nettet.

Ved å bruke nettbank får ein:

- til kvar tid full oversikt over saldo på konti, og transaksjonar inneverande og førre månad.
- høve til å overføre pengar mellom sine eigne konti.
- utføre betalingar av bank- og postgiro, dette gjer ein ved å registrere giroar på banken sitt forfallsregister slik at dei vert betalt på forfallsdagen.

Tilgangskontollen for å kunne nytte seg av nettbank vert dekt ved bruk av Digipasskort. Digipasskort vert i dag rekna for å vere det beste innan tilgangskontroll.

Banken som bygdeutviklar

Som ein viktig del av feiringa av 125-års jubileet gjev Lom og Skjåk Sparebank ut ei jubileumbok med tittelen *Banken som bygdeutviklar*. Forfattar av boka er Håvard Teigen, som er fødd i Skjåk og som nå arbeider som 1. amanuensis ved Høgskolen i Lillehammer. Boka er utgjeven av forlaget Tano Aschehoug.

I innleiinga til boka «Banken som bygdeutviklar» skriv forfattar Håvard Teigen mellom anna: «Historia til Lom og Skjåk Sparebank har ikkje berre lokal, men også nasjonal interesse. Banken har alltid vore lokal, har aldri slått seg saman med andre bankar og har heile tida vore den dominerande banken i Lom og Skjåk. Historia om samlivet mellom banken og bygdene gjev derfor allmenn innsikt i tilhøvet mellom bank og lokalsamfunn gjennom ein så lang periode som 125 år. Historia til Lom og Skjåk Sparebank gjev også innsikt i det som fleire og fleire oppdagar: at det ikkje er stordriftsfordelar i bankdrift. Forbrukargranskingar viser at dei små og mellomstore bankane med hovudankring i ein region gjev dei beste økonomiske tilboda til kundane sine og får takk tilbake i form av størst kundelojalitet.»


Dei første sparebankane vart oppretta



i 1840-åra med utgangspunkt i kornmagasina, og alle vart grunnlagt av kommunestyra. På den måten medverka det lokale sjølvstyret til å stimulera sparesansen og innføre pengehushald i jordbruket. Frå byområda spreidde sparebankane seg utover landsbygda og gjennom dalane til fjellbygdene. Da Lom og Skjåk Sparebank vart etablert i 1873, var det som ein del av den allmenne

framvesten av bygdesparebankar i Noreg. Banken gjorde det mogleg å ta opp meir omfattande fellesoppgåver på vegne av heile bygda, og over tid var den eit viktig bidrag i utviklinga av bondesamfunnet.

Lom og Skjåk Sparebank – som alle andre

 Tano·Aschehoug

Banken som bygdeutviklar

Håvard Teigen



Lom og Skjåk Sparebank gjennom 125 år

små-bankar – har i seinare år måtte ta avgjerande vegval. Sidan 1960-åra er talet på sparebankar redusert med fire femdelar, men Lom og Skjåk Sparebank er framleis sjølvstendig. Banken har hatt mange tilbod (friarar) i løpet av bankfusjoneringsperioden, men har som den einaste av dei gamle, frittstående sparebankane i Nord-Gudbrands-dal valt å ikkje slå seg saman med Sparebanken Nor. Det er framleis att 132 andre sjølvstendige sparebankar

i landet, og Lom og Skjåk er blant den tredjedelen som er størst. I jubileumsåret 1998 passerte banken ein milliard i forvaltningskapital.

I dag blir rentenivået korkje vedteke av regjering eller bankstyre, men følgjer olje-



pris og valutakurs mva. på verdsmarkanden. Både regjeringa og bankstyre må etter beste evne tilpasse seg marknadskreftene, og ingenting flyt lettare og i striare straumar over landegrensene enn pengar og kapital. Er det likevel mogleg for ein liten bygdebank å vere «kjerringa mot straumen» i finanssektoren, trasse den globale økonomiske utviklinga og skape seg si eiga historie?

Ja, Lom og Skjåk Sparebank har på mange område våga å symje motstraums - og har som følgje av det hatt ei utvikling som mest kan samanliknast med å oppheve tyngdelova. I dei fleste av dei 125 åra banken har vore ein del av samfunnet vårt, har kommunane Lom og Skjåk hatt ei lågare folketalsutvikling enn landsgjennomsnittet. Folk har flytta frå fjellbygdene til flatbygdene og Oslo-området. Men medan kundegrunnet for Lom og Skjåk Sparebank har gått nedover, har den økonomiske utviklinga i banken gått oppover, og har så å seie heile tida vore betre enn landsgjennomsnittet for sparebankar.

Der dei fleste små og sjølvstendige sparebankane forsøker å unngå risiko - og er bankar først og fremst for personkundane slik sparebanktanken opphavelig var - har Lom og Skjåk Sparebank gått inn i risikofylte næringslivsengasjement med fynd og klem, teke store vågnader og har vore ein av dei sparebankane i landet som har hatt størst tap i høve til forvaltningskapitalen. Også dette har vore resultat av vanskelege vegval. Banken har teke ansvar for lokalsamfunnet og nærast «nekta» bedrifter å gå konkurs? Og sjølv i dei største tapsåra har banken likevel jamt over auka eigenkapitalen. Lom og Skjåk Sparebank er ein av dei bankane i landet som driv billegast.

Medan så og seie alle bankfusjonar i teorien har vorte grunngeven med å spare kostnader, har Lom og Skjåk Sparebank i staden spara pengar i praksis. Banken har i alle år drive langt billegare enn sin lokale konkurrent - Sparebanken Nor - som er den største sparebanken i landet.

Lom og Skjåk Sparebank er derfor interessant å studere også som nyskapande «einstøing», individualist. Men banken er ikkje spesiell av di den er sjølvstendig, men på grunn av måten han er sjølvstendig på. I motsetnad til det vanlege blant små og mellomstore sjølvstendige sparebankar tek banken stor risiko. Da andre bankar innførte nye gebyr, gjekk Lom og Skjåk Sparebank ut i riks-media og sa nei til dette. Da andre småbankar valde å konsentrere seg om heimemarknaden der dei hadde monopol, satsa Lom og Skjåk Sparebank på Oslo-marknaden der konkurransen om kundane er størst.

Forklaringane på at banken har lykkast ligg ikkje berre i banken, men i tilhøvet mellom bank og bygd. Banken er ein del av ein lokal kultur, ei lokal historie, eit lokalt nettverk og lokalsamfunnet sine formelle og uformelle spelereglar. Det gamle og tradisjonelle slektsamfunnet vart grunnlaget for banken og banken er ein del av moderniseringa i bygdene.



Dei same nettverka har dominert banken og bygdene i slektsledd etter slektsledd, men nye grupper blir tekne opp, integrert og inkludert. Det gamle bondesamfunnet og den nye arbeidarrørsla fann kvarandre i samvirketiltak som sparebanken, forbrukarsamvirket og foredlingsindustrien i landbruket. Dette gav lokalsamfunnet styrke og motstandskraft gjennom samarbeid der alternativet kunne ha vore konflikt.

Rett nok står det fast at Lom og Skjåk Sparebank også er blant dei beste av dei mindre og sjølvstendige spare-bankane, men det mest spesielle med banken ser ut til å vere at han har så lojale og tilfredse kundar. Ei stor bankgransking gjort i 1998 viste at Lom og Skjåk Sparebank i særstilling var den banken som hadde dei mest tilfredse kundane. Banken var så suverent i tet blant dei bankane som vart undersøkt at instituttet som gjorde granskinga uttala at banken truleg var på toppen, blant alle bankane i landet.

I same tidsrom gjorde finansstidsskriftet Dine Penger ei undersøking som viste at Lom og Skjåk Sparebank var blant dei aller fremste bankane (nummer sju av ca 150) for ein nyetablert kunde som har større lån enn innskot. Banken var derimot meir på det jamne for kundar med større innskot enn lån.

Det vi ut frå dette kan seie er at i tillegg til at banken objektivt sett er god, blir han også opplevd som enda betre enn han er. Patriotisme ligg der som ei mogleg forklaring. At banken aldri har gjort kundane noko pek, men har halde seg unna upopulære gebyr er ei anna side. Banken er rett og slett god på mange område som ikkje er målbare. Dessutan betaler banken alle rekningane til kundane sine utan å ta seg betalt for tenesta.

Det er ikkje med i reknestykka og gjer at banken kanskje er enda betre enn det finansstidsskriftet Dine Penger kom fram til.



Lom og Skjåk Sparebank



2686 Lom

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 21 90 01

E-post: bankpost@lomogskjaak.sparebank1.no

2690 Skjåk

Telefon: 61 21 35 00

Telefaks: 61 21 35 01

E-post: bankpost@lomogskjaak.sparebank1.no

Bankbuss

Telefon: 94 43 38 31

Design: Visus

Trykk: Hagen Offset